

TEMA: Kremmerleier ①105, «En sand guldgrube» ①100

KART: ④440

# Kvalvåg

## VILLSAUEN – EIN GAMMAL HUSDYRRASE



*Klipping av villsau.*

På Huftarøy, Selbjørn og nokre av dei mindre øyane i Austevoll lever villsauen, ein av dei eldste sauerasane i Nord-Europa.

Både i storleik og form liknar han mykje på den første sauerasen vi hadde her i landet, for vel 4000 år sidan.

Villsauen har stutt, ofte snau rove, er småvaksen, høgføtt og spenstig. I ulende, der ein knapt skulle tru det var føtande, sjølv for geit, kan ein finna villsau.

Vērane, som er noko større enn søyene, har oftast tjukke horn. Søyene er hornløse, eller har smånøvler. I eldre tid hadde også mange søyer horn, men då tynde og geitehornliknande.

Forutan den fine ulla som vi finn hjå moderne sau, har villsauen ofte lange dekkhår – ragg. Pelsfargen kan vera kvit, men vanlegare er tonar av grått, brunt og svart. Med denne «kamuflasjedrakta» går villsauen i eitt med lyng og stein og kan vera vanskeleg å få auga på.

Dyra går ute året rundt, utan å verta sette i hus om vinteren. Slik har det vore på Vestlandskysten så langt attover som nokon veit. Kanskje går denne driftsforma like attende til steinalderen.



**KVALVÅG på Stolmen er først nemnd som handelsstad i 1655, og i 1731 fekk eigaren JENS MEYER kongeleg handelsprivilegium.**



*Dei store sjøbuene frå handelsverksemda pregar framleis Kvalvåg.*

**S**tolmen har alle dagar vore eit typisk fiskarsamfunn, og det har budd etter måten mykje folk på øya. Det var dei fastbuande fiskarane som la grunnlaget for handelsverksemda i Kvalvåg. Fiske, fiskemottak og silde-salting var viktige delar av verksemda.

I glansperiodane kring 1740, 1830 og 1910 var det stor byggeaktivitet, og særleg mot slutten av 1800-talet var optimismen stor. Det vart bygt eit stort trelastlager og nye kaiar, og Kvalvåg fekk

dampbåtekspedisjon. Den nye Møkstrakyrkja i 1892 vart også bygd her. Fram til 1980-åra var det handel, post, fiske-mottak og rutebåtekspedisjon i Kvalvåg. Det er i dag ei eiga stifting i Bergen Seilforening som eig og brukar den gamle hovudbygningen, ein 1800-tals bygning like ved kyrkja. Eit omfattande restaureringsarbeid har på ny gjort Kvalvåg til ein senter og ein overnattingsstad; men no for segling, sjøsport og opplevingsturisme i Nordsjøloypa. □

## BEKKJARVIK

Når sjøen er hovudvegen, vert den gode hamna eit naturleg sentrum. Når den gode hamna også ligg midt i skipsleia, som BEKKJARVIK like nord for Selbjørnsfjorden, er det grunnlag både for gjestgjevarverksemd og handelsstad.

Slik vart Bekkjarvik eit knutepunkt, med kremmar og gjestgjevar, kan henda alt frå mellomalderen av. Først på 1600-talet har vi sikre kjelder om busitjarane i Bekkjarvik. OTTO SLINGERMAND er den første borgaren vi høyrer om. Han var opphavleg frå Holland og fekk borgarskap i Bergen i 1614. Særleg i dette hundreåret har staden vorte bygd ut. Her har vore anlegg for fiskemottak, silde-salting og tønneproduksjon (®246), og her er framleis gjestgjeveri, handel og post-ekspedisjon.

Bekkjarvik; grunnlagd på kommunika-sjonane for 300 år sidan, har enno viktige senterfunksjonar. Den gamle hovudbygningen, som vart ombygd på 1800-talet, er framleis ein veldriven gjestgjevarstad og Bekkjarvik er ei av dei sentrale gjeste-hamnene for småbåttrafikk på vestkysten



*Bekkjarvik tidleg på 1900-talet.*



*Bøkkarverkstad kring hundreårsskiftet.*